



HØYRING

Frivillig vern av 2 skogområde i Dirdal, Rogaland

Kleivane naturreservat, Gjesdal kommune
Ramstoliane naturreservat, Gjesdal kommune



Ramstoliane naturreservat



Kleivane naturreservat

Tittel : Høyring
Frivillig vern av 3 skogområde i Rogaland, Indre Ulladalen
naturreservat, Kleivane naturreservat og Ramstoliane naturreservat

Dato : 03.07.2026

Forfattar : Solbjørg Engen Torvik

Emneord : Naturreservat, frivillig vern av skog, trua og nær trua naturtypar og
artar, edellauvskog, regnskog, kystfuruskog, naturmangfald

Utgivar : Statsforvaltaren i Rogaland

Tal sider : 35

Ansvarleg signatur : Cathrine Stabel Eltervåg

Forsidefoto : Ramstoliane naturreservat (t.v.) og Kleivane naturreservat (t.h.).
Foto: Solbjørg Engen Torvik.

Samandrag

Verneforslaget for to skogområde i Dirdal, Rogaland er med dette dokumentet sendt på offentlig høyring til grunneigarar, naboar, lokale, regionale og nasjonale høyringsinstansar.

Høyringa gjeld Kleivane naturreservat og Ramstoliane naturreservat. Begge områda er privateigde og tilbodne gjennom ordninga frivillig vern av skog. Aktuell verneform er naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Områda har på ulikt vis verdifull skog og skogsmiljø med sjeldan og sårbar natur i form av trua og nær trua naturtypar og artar og skogtypar med viktig økosystemfunksjon med levestad for mange ulike organismar. Felles for desse områda er at dei har fuktig regnskogsmiljø med god førekomst av regnskogsartar. Vidare er det i Ramstoliane mykje rik edellauvskog med grov eik og særleg mange sjeldne og trua og nær trua artar, medan det i Kleivane er boreonemoral regnskog med boreale lauvtre og noko furuskog.

Områda er verna mot skade, øydelegging og forstyrring av plante og dyreliv. Det vil fortsett vere mogleg å nytte verneområda til enkelt friluftsliv, sanking av bær og matsopp, og til jakt etter gjeldande reglar. Naturreservata er ulike og for å ta vare på det unike med kvart enkelt område, har dei litt ulike vernereglar i verneforskriftene. Det er difor viktig å gjere seg kjent med desse.

Alle som måtte ønska, kan komma med uttale til verneforslaga i denne høyringa.

Frist for å senda uttale er 25.09.2026.

Uttalar sendast skriftleg, anten i brev til Statsforvaltaren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger eller på e-post til sfropost@statsforvalteren.no.

Ver vennleg å merka sendinga med saksnummer **2023/5390** og namn på omtalt verneforslag.

Innhald

Samandrag	3
Innhald	4
1. Verneforslag i denne høyringa	6
1.1. Oversiktskart	7
2. Heimelsgrunnlag og kunnskapsgrunnlag	8
2.1. Heimelsgrunnlag	8
2.2. Kunnskapsgrunnlag	8
3. Sakshandsaming	9
3.1. Saksgang for dei enkelte verneforslaga	10
3.2. Mottekne merknader til oppstartsmeldinga og Statsforvaltarens kommentarar	11
3.2.1. Innspel til Kleivane (Dirdal vest), Gjesdal kommune	11
3.2.2. Innspel til Ramstoliane (Dirdal aust), Gjesdal kommune	14
4. Endringar etter oppstart av verneplan	17
4.1. Namneendringar	17
4.1.1. Dirdal vest → Kleivane naturreservat	17
4.1.2. Dirdal aust → Ramstoliane naturreservat	17
4.2. Grenseendringar	17
5. Konsekvensar av eit vern	17
5.1. Avveging skogvern vs. skogbruk	18
6. Høyring	20
7. Forvaltningsstyresmakt	21
8. Verneforslag	22
8.1. Kleivane naturreservat (Dirdal vest), Gjesdal kommune	22
Lokalisering og avgrensing	22
Verneføremål og verneinteresser	22
Kulturhistoriske verdiar	24
Inngrepsstatus og andre interesser	24
Planstatus	25
Samfunnstryggleik	25
Avveging skogvern vs. skogbruk	25
8.1.1. Kommentarar til verneforskrifta for Kleivane naturreservat	25
8.2. Ramstoliane naturreservat (Dirdal aust), Gjesdal kommune	28
Lokalisering og avgrensing	28
Verneføremål og verneinteresser	28
Kulturhistoriske verdiar	30
Inngrepsstatus og andre interesser	31
Planstatus	31

Samfunnstryggleik.....	31
Avveging skogvern vs. skogbruk.....	31
8.2.1. Kommenterar til verneforskrifta for Ramstoliane naturreservat	32
9. Referansar	34
10. Vedlegg	36

1. Verneforslag i denne høyringa

Statsforvaltaren i Rogaland sender med dette på høyring forslag om vern av to nye naturreservat i Dirdal i Rogaland.

- **Kleivane naturreservat** (tidl. Dirdal vest), Gjesdal kommune, ca. 590 daa, eigd av 7 grunneigar.
- **Ramstoliane naturreservat** (tidl. Dirdal aust), Gjesdal kommune, ca. 633 daa, eigd av 3 grunneigar.

Områda er vurdert å kvalifisere for vern som naturreservat etter *lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)* § 37, jf. § 34 basert på tilgjengeleg kunnskap om naturverdiane i områda og/eller nye naturfaglege registreringar som er gjennomført i samband med verneplanarbeidet.

Begge områda er tilbodne gjennom ordninga frivillig vern der skogeigarane sjølv tilbyr skogen til vern. Her kan du lese meir om [frivillig vern av skog](#). Frivillig vern forutsett at grunneigarane og staten blir einige og inngår ei avtale om avgrensing, vernereglar og erstatning før vernevedtak. Ei slik avtale er ennå ikkje utarbeidd for desse områda, men prosessen er i gang. Prosessen vil avklara om det er grunnlag for endelege avtalar. Dette inneber at det kan bli endringar både i området faktisk blir verna, vernegrenser og vernereglar som eit resultat av denne høyringa og forhandlingane om erstatning.

Gjennom arbeidet med St.meld. nr. 25 (2002-2003) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* slutta Stortinget seg til regjeringas innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Norge. Meldinga trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for vern av skog. Det blei blant anna lagt til grunn at eit utvida skogvern skulle følge dei faglege anbefalingane i NINA rapport 54/2002 «*Evaluering av skogvernet i Norge*». I meldinga blei frivillig vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg.

I naturmeldinga *Natur for livet* (St.meld. nr. 14, 2015-2016) seier regjeringa at den vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern og auka det frivillige skogvernet. Stortinget vedtok eit mål om vern av 10 % av alt skogarealet i Noreg innan 2030. Per 31.12.2025 er 5,5 % av all skogen i Noreg verna, der vern dekkjer 4,3 % av den produktive skogen og 8,6 % av den uproduktive (Miljødirektoratet, basert på Landsskogtakseringen, NIBIO).

1.1. Oversiktskart



Figur 1.1. Kleivane naturreservat og Ramstoliane naturreservat ligg i munningen av Dirdal, Gjesdal kommune.

2. Heimelsgrunnlag og kunnskapsgrunnlag

2.1. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av *lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)* jf. §§ 33-51. I naturmangfoldlova (nml.) er det heimel for å oppretta ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat er den strengaste verneforma, og denne blir normalt brukt for vern av skog.

Vedtak om å oppretta naturreservat blir treft av Kongen i statsråd etter nml. § 37, som lyder slik:

«Som naturreservat kan vernes områder som
a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
b) representerer en bestemt type natur,
c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
e) har særskilt naturvitenskapelig verdi

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

For å oppfylle § 37 må også nml. § 8 om kunnskapsgrunnlaget nyttast:

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.»

2.2. Kunnskapsgrunnlag

Kunnskapsgrunnlaget for skogområde som skal vernast etter naturmangfoldlova, jf. § 8 i nml., skal *«... så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger»*.

Kunnskapsgrunnlaget som verneforslaga i dette høyringsdokumentet bygger på er henta frå allment tilgjengelege offentlege data, mellom anna Naturbase, Artsdatabanken, Artskart, publiserte vitenskaplege arbeid og direkte kontakt med fagpersonar og kartleggarar med høg

kompetanse innan fagfelt om natur, miljø, økologi og artskunnskap. Det er gjennomført naturfaglege kartleggingar i alle områda for å underbygga naturverdiar generelt og skogvernverdiar spesielt. Det er også nytta andre offentlege kart og databasar for å innhenta andre interesser enn vern og eventuelle moglege konflikter i områda, til dømes NGU, NVE, Kulturminne via Temakart Rogaland, NARIN (Biofokus). I kartdatabasen [Temakart Rogaland](#) kan ein finna dei fleste av desse tema samla i eit kart som gjeld for Rogaland fylke. I kapittel 9 er det samla referanseliste over kjelder, rapportar og databasar som er nytta.

3. Sakshandsaming

I saker med frivillig vern av skog får normalt Statsforvaltaren tilbod om vern frå grunneigar eller grunneigarar via ein skogeigarorganisasjon. Det blir deretter gjort ei vurdering av potensialet for å finna verneverdiar. Neste steg er naturfaglege registreringar i dei aktuelle områda, med mindre det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om naturverdiane frå andre kartleggingar. Når det føreligg god nok kunnskap som syner at området kvalifiserer for vern, blir skogdata innhenta gjennom taksering av skogen som grunnlag for erstatningsberekningar. Skogtakseringa gjennomførast av skogeigarorganisasjon og statens skogsakkunnig. Deretter forhandlar grunneigarar og staten om erstatninga. Samstundes utarbeidar Statsforvaltaren forslag til vernegrense og vernereglar som grunneigar også må godkjenne, før eit endeleg verneforslag føreligg.

Tidlegare var det vanleg at avtalen mellom skogeigar og staten var ferdig forhandla før det vart meldt oppstart av verneplanprosessen, men for å oppnå tilstrekkeleg framdrift i verneprosessen, har det den seinare tid vorte sendt oppstartsmelding før slike avtaler er inngått. Ei føresetnad, er at grunneigarane aksepterer dette. På denne måten kan arbeid med den økonomiske erstatninga og arbeid med vernekart og verneforskrift gå parallelt, og i begge prosessane kan det koma innspel som påverkar den andre.

Den formelle sakshandsaminga skal følge naturmangfaldlovas §§ 41 til 43 og rundskriv T-2/15 frå Miljøverndepartementet (nå Klima- og miljødepartementet 2015), og rettleiar M-481 *Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven* (Miljødirektoratet 2016). Dette kan oppsummerast på følgjande måte:

- **Oppstartsmelding:** Statsforvaltaren varslar oppstart av verneplanarbeid ved brev til grunneigarar og aktuelle etatar og organisasjonar, samt kunngjering i aviser.
- **Offentleg høyring:** Eit konkret verneforslag blir sendt på høyring ved brev til grunneigarar og andre høyringsinstansar. Høyringsforslaget (dette dokumentet) skal skildre verneverdiar, og andre verdiar og interesser, samt dei konsekvensane forslaget er venta å få. Det skal følge med forslag til vernekart og verneforskrift. Frist for å komma med merknader skal være minst to månader.
- **Tilråding til Miljødirektoratet:** Etter høyringa skal Statsforvaltaren vurdere innkomne merknadar og eventuelt gjere endringar i forslaget. Eventuelle større endringar må drøftast med grunneigarane. Deretter sender Statsforvaltaren sin tilråding til Miljødirektoratet.
- **Tilråding til Klima- og miljødepartementet (KLD):** Miljødirektoratet vurderer forslaget og sender si tilråding til KLD.
- **Forslag om vern:** KLD forbereder saken og legg forslag om vern fram for Kongen i Statsråd.
- **Vedtak om vern** gjerast av Kongen i Statsråd som kongeleg resolusjon. Etter vedtaket vil erstatninga bli utbetalt i tråd med avtalen med grunneigar.

- **Kunngjering om vern:** Statsforvaltaren sender brev til grunneigarar og andre høyringsinstansar, samt kunngjer vedtaket i aktuelle aviser. Dei nye verneområda blir skilta og merka.
- **Grensemerking** blir vanlegvis gjort av jordskifteretten, som etter krav frå Statsforvaltaren opprettar sak om grensegang for det enkelte område.

3.1. Saksgang for dei enkelte verneforslaga

Tabell 1 og 2 under viser saksgangen til dei to verneforslaga i Dirdal, frå Statsforvaltaren fekk tilbod tilsendt og til høyringa er sendt ut. Grunneigarane i desse to områda har sendt tilbod i fleire omgangar og nokre har utvida arealet på eigedom som tidlegare var tilbudd.

Begge områda har blitt kartlagt etter standard metode for skogkartlegging (Miljødirektoratet 2022). Resultatet blei tilgjengeleg i Skoganalyse i januar året etter kartlegging.

Både Kleivane og Ramstoliane var i tillegg kartlagd i fleire omgangar før områda blei tilbode til vern (Gaarder, G. et al. 2012, Gaarder, G. 2001 og Tysse, T. 2002.). Den siste kartlegginga i 2012, var etter metoden i DN13-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006). I tillegg har det blitt søkt etter sjeldne artar, særleg lav, fleire gonger tidlegare som ikkje har vore i samband med verneprosessen.

Tabell 1. Saksgang for Kleivane i Gjesdal kommune (tidl. Dirdal vest).

Tilbod	28.04.2023 Utviding på tilbodne eigedommar 18.11.2024.
Kartlagd	Skogkartlegging: juni 2023
Synfaring av Statsforvaltar	07.10.2025 saman med skogeigarorganisasjon og statens skogsakkunnig
Oppstart verneprosess	05.09.2025, frist for uttale 10.10.2025
Høyring	30.06.-29.09.2026. Høyringsfrist 25.09.2026

Tabell 2. Saksgang for Ramstoliane naturreservat i Gjesdal kommune (tidl. Dirdal aust).

Tilbod	28.04.2023, 11.10.2024 og 31.10.2024. Utviding på tilbodne eigedommar 18.11.2024.
Kartlagd	Skogkartlegging: juni 2023
Synfaring av Statsforvaltar	01.10.2024 saman med nokre grunneigarar og skogeigarorganisasjon 30.04.2025 saman med nokre grunneigarar, skogeigarorganisasjon og statens skogsakkunnig
Oppstart verneprosess	05.09.2025, frist for uttale 10.10.2025
Høyring	30.06.-29.09.2026. Høyringsfrist 25.09.2026

3.2. Mottekne merknader til oppstartsmeldinga og Statsforvaltarens kommentarar

Det blei meldt oppstart av verneplanarbeid for Vetrhus, Ulladalen, Dirdal vest, Dirdal aust og utviding av Rekedal 02.09.2025 (Statsforvaltaren i Rogaland). Fristen for uttale var 10.10.2025. Oppstartsmeldinga blei sendt til grunneigarar, naboar til foreslått verneområde og aktuelle lokale, regionale og sentrale høyringsinstansar, jf. lista under. Verneplanane blei òg kunngjort i Stavanger Aftenblad, i Norsk Lysingsblad og på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside.

Arkeologisk museum (UiS), Avinor AS, Bane NOR SF, BirdLife Norge, BirdLife Rogaland, Dalane Energi AS, Den Norske Turistforening (DNT), Det Norske Skogselskap, Direktoratet for Mineralforvaltning, DNT Stavanger og omegn, Enida AS, Fagne AS, Forsvarsbygg, Forum for natur og friluftsliv Rogaland, Framtiden i våre hender, Friluftsrådernes Landsforbund, Friluftsrådet Vest, Haugaland Kraft AS, Haugaland sopp og nyttevekstforening, Haugesund Turistforening, Jernbanedirektoratet, Jæren Everk AS, Jærsoppen, KE nett, Klima- og Miljødepartementet (KLD), Kommunal- og Distriktsdepartementet (KDD), Landbruks- og Matdepartementet (LMD), Landbruksdirektoratet, Lnett AS, Luftfartstilsynet, Lyse Kraft DA, Lysefjorden Utvikling, Miljødirektoratet, Miljøstiftelsen Bellona, Natur og Ungdom, Natur og Ungdom Rogaland, Naturvernforbundet i Rogaland, NHO Reiseliv, NIBIO, Norsk institutt for bioøkonomi, Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus (NIFF), Norges Bondelag, Norges Fjellstyresamband, Norges Geologiske Undersøkelser (NGU), Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, avd. Rogaland, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU), Norsk Biologforening (BIO), Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk Industri, Norsk institutt for naturforskning (NINA), Norsk Organisasjon for Terrengsyking, Norsk Orkideforening, Norsk Sau og Geit (NGS), Norsk Zoologisk Forening, NVE, Norges Vassdrags- og Energidirektorat, Riksantikvaren, Rogaland Bonde & Småbrukarlag, Rogaland Bondelag, Rogaland Botaniske Forening, Rogaland flaggermusgruppe (Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus, NIFF), Rogaland Idrettskrets, Rogaland Orienteringskrets, Rogaland Sau og Geit, Ryfylke Friluftsråd, SABIMA, Skogselskapet i Rogaland, Sokkeldirektoratet, Språkrådet, Statens Kartverk, Statens Kartverk Rogaland, Statens vegvesen, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog SF, Universitetet i Bergen (UiB), Universitetet i Oslo (UiO), Universitetet i Stavanger (UiS), WWF-Norge.

3.2.1. Innspel til Kleivane (Dirdal vest), Gjesdal kommune

BaneNOR har ingen merknader til verneprosessen.

Verneforslaga er vurdert og vedkjem ingen interesser til jernbanen.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Jernbanedirektoratet har ingen merknader til verneprosessen.

Verneforslaga er vurdert og vedkjem ikkje eksisterande eller planlagd jernbaneanlegg.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Statnett SF har ingen merknader til verneprosessen.

Verneforslaga er vurdert og vedkjem ingen av Statnett sine anlegg eller planar.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Språkrådet har vurdert namneforslaget og tilrår namnet Kleivane naturreservat. Dei viser til at det går det ein sti gjennom området, frå Dirdalsstranda og opp til Yleskogvatnet like utanfor

foreslått vernegrense i vest. Ein sentral del av denne stien ber namnet Kleivane. Så langt dei kjenner til, er det i Noreg ikkje noko verneområde med namnet Kleivan(e) naturreservat.

Statsforvaltarens kommentar: Statsforvaltaren vurderer Kleivane naturreservat som eit godt namn.

Landbruksdirektoratet ber om at det må komma tydeleg fram i høyringsdokumenta om, og i tilfelle korleis områda blir nytta til landbruksføremål. Landbruksinteresser i områda som ikkje blir tekne omsyn til i utkast til forskrifter, må det grunnleggjast. Dersom det går vegar og ferdsselsårer gjennom verneområda, skal det vurderast føresegn i verneforskriftene om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør leggast til rette for drift og vedlikehald av støls- og seterområde og opnast for andre tekniske tiltak som bidrar til ei landbruksmessig utnytting av området. Forskrifta bør opne for beite og utsetting av saltstein, samt oppføring og vedlikehald av gjerder og sanketrøer. Viss ikkje, må det gjevast ei fagleg grunnleggjeving.

Føresegn om motorferdsel må vurderast i samband med tiltaka nemnd over. Det bør vere generelt unntak om motorferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Landbruksdirektoratet etterlyser Statsforvaltaren sine vurderingar i «*Skjema for aveiing av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgangen*» og rapport «*Skogfaglig beskrivelse*» for områda i oppstartsmeldinga, samt plassering i avvegingsmatrisa.

Statsforvaltarens kommentar: Verneområdet består utelukkande av naturtypar som ikkje er beiteavhengige og me kjenner ikkje til at det er beite i området i dag. Det er likevel sannsynleg at det har vore beite i skogen tidlegare. Dirdalstølen som ligg nordaust for Yleskogvatnet, tyder på det (Foreningen for stølsliv og friluftsliv i indre Gjesdal, [kart](#)). Eventuelle beiteinteresser blir ivaretatt i § 4. Skjøtsel omtalast i § 9. Det er ein godt brukt skog med fleire merka stiar. Nokre av dei viktigaste stiane er teikna inn på vernekartet. Ferdsselsårer skal kunne haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet, og er inkludert i § 4 om generelle unntak frå vernereglane. Andre landbruksinteresser er ikkje kjent.

Avveging mellom skogvern og skogbruk handsamast i kapittel 7.1.

Rogaland fylkeskommune har vurdert verneforslaga og støtter verneprosessen som bidrar til å verna livskraftige naturmiljø i Rogaland og hindra tap av natur.

Fylkesdirektøren kjenner ikkje til registrerte kulturminne i dei foreslåtte verneområda, per i dag, og vurderer at vern gjennom naturmangfaldlova er eit gode for eventuelt ukjente kulturminne i områda. I verneprosessen bør det vurderast om det er kulturminne eller kulturverdiar som bør vernast særleg, til dømes kulturminne frå tidlegare bruk, stølsdrift, skogsdrift og anna bruk av utmark som eldre mura stiar og vegfar, steingjerde, tufter eller andre spor frå eldre bruk.

Statsforvaltarens kommentar: Kulturminne er sjekka på offentleg kart og ingen registreringar av SEFRAK-bygningar, enkeltminne lokalitetar eller kulturmiljø er funne. Det er ikkje kjente kulturminne frå tidlegare bruk, anna enn stiar og enkelte steingardar. Standard fråsegn om at ein kan søka dispensasjon for istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne, er gitt i § 7.

Gjesdal kommune er positiv til verneprosessen. Dei har i kommuneplan for naturmangfald eit punkt som gjeld utredning av aktuelle område for vern. Der er frivillig vern av skog, særleg regnskog og rike edellauvskogar, nemnd i mellom anna Dirdal.

Gjesdal kommune foreslår namnet Kleivane i Dirdal. Dei tenker at det er naturleg å bruke stadnamnet Kleivane som står i kartet og at gardsnamnet Dirdal bør leggast til.

Gjesdal kommune viser til at området er eit viktig og mykje brukt friluftsområde, jf. [Foreningen for stølsliv og friluftsliv i indre Gjesdal](#) og deira [kart](#).

Kommunen viser til at Dirdal kraft AS fekk konsesjon til å drive vasskraftverk basert på fall frå Stølsvatnet den 29.10.2022, og påpeiker at vernet skal ikkje ha påverking på drifta av kraftverket. Kraftstasjonen ligg er nede ved Hunnedalsvegen 2124.

Statsforvaltarens kommentar: Det er svært kjekt at kommunen er medviten på at det er viktig å ta vare på og verne verdifull natur for framtida, og at dei allereie hadde identifisert Dirdal som eit moglege område med verdifulle regnskogar og rike edellaavskogar.

Statsforvaltaren viser til Språkrådets namneforslag og vurderer at Kleivane står seg som eit godt forslag åleine.

Statsforvaltaren anerkjenner at området er eit viktig friluftslivsområde og at stiar som allereie finst og er merka skal kunne haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet, jf. verneforskrifta § 4 bokstav d.

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) viser til at det under verneforslaget går ein kraftverkstunell til Dirdal kraftverk som Statsforvalteren har vurdert at vernet ikkje vil påverka drifta. NVE kan ikkje sjå at Dirdal Kraft AS står på adresseliste til oppstartsmeldingen. Dei ber Statsforvalteren ta kontakt med Dirdal Kraft AS slik at kraftselskapet kan utale seg om behov knytt til drift, vedlikehald og fornying av kraftverk.

Lnett AS har to kraftlinjer på 52 kV, som går langs nedre kanten av det verneforslaget. Sidan vernegrensa ligg så nært kraftlinja ber dei om at det blir tatt inn standardfråsegner for energi- og kraftanlegg i verneforskrifta.

NVE påpeiker at området er kartlagd som aktsemdsområde for jord- og flaumskred, snøskred og steinsprang. Verneforslaget ligg over tett busetnad og infrastruktur, og det kan difor bli naudsynt med sikringstiltak mot skred. Det er planlagd flaumsonekartlegging i området. Dei ber om at det i verneforslaget blir tatt høgde for eventuell framtidig arbeid knytt til skred- og flaumsikring, inkludert anleggsarbeid, anleggstrafikk og anleggsvegar for vedlikehald dersom tiltaka ikkje kan utførast utanfor verneområdet. Dei ber vidare om at det blir gitt spesifisert dispensasjon i verneforskrifta § 7 for anleggsarbeid og motorferdsel knytt til etablering, vedlikehald og ombygging av flaum-, erosjon- og skredsikring og unntak i § 4 og § 6 for sikringstiltak ved akutt behov og fare for liv og helse.

Statsforvaltarens kommentar: Dirdal Kraft AS er kontakta, og dei har sendt eige merknader. Standard fråsegner for energi- og kraftanlegg er tatt med i verneforskrifta. Statsforvaltaren vil ikkje inkludera fråsegner i verneforskrifta knytt til flaumsikring, erosjon- og skredsikring i bratt terreng berre på generelt grunnlag. Dersom det er kjente hendingar og difor vurdert gjentakingsfare, må dei konkretiserast og greiast ut. Elles er verneforskrifta utforma sånn at uforutsette hendingar kan handterast.

Dirdal Kraft AS driv eit småkraftverk i området som er foreslått verna, med inntak i Yleskogvatnet/Stølsvatnet, tunnel under verneforslaget og kraftverket nede ved fjorden. Dei har krav om minstevassføring i Stølsbekken. Dei ønsker å sikra seg at verneforslaget ikkje er til hinder for framtidig vedlikehald og/eller eventuell utviding avdrifta, til dømes ytterlegare regulering av Yleskogvatnet. Vernet må heller ikkje vere til hinder for eventuell endring i utslepp av minstevassføring til Stølsbekken. Det må vidare vere tillate å lande med helikopter ved inntaket.

Statsforvaltarens kommentar: Målt på flybilette, er det ca. 75 m frå inntaksområdet i Yleskogvatnet til foreslått vernegrense. Det vurderast at det gir god nok avstand til å kunne landa med

helikopter utanfor verneområdet. Terrenget er også slik at det blir brattare ned mot vernegrensa. Vernegrensa er ikkje trekt heilt nær verken Stølsbekken eller Yleskogvatnet, og Statsforvaltaren ser difor ikkje at det vil bli konflikt ved endring av minstevassføring eller regulering av vatnet, såframt ikkje det er snakk om å bygga ein monaleg større demning.

Lnett viser til kraftlinja som går langs Hunnedalsvegen og nord for foreslått vernegrense. Dei antar at kanten av ryddebeltet har vore definerande for grenseforslaget, og vil gjere merksam på at ryddebeltet er bandlagt areal og at dei også har krav om og plikt til å fjerna risikotre utanfor dette. Dei ber om at det tas omsyn til dette i den vidare prosessen, og at Lnett gis rettigheter i verneforskrifta for vedlikehald og fjerning av risikotre også utanfor ryddebeltet, slik at Lnett kan ivareta sitt ansvar for sikker drift av kraftlinja.

Statsforvaltarens kommentar: Det stemmer at ryddebeltet har vore avgjerande for avgrensinga. Statsforvaltaren stadfestar standardfråsegner for energi- og kraftanlegg tas inn i verneforskrifta.

3.2.2. Innspel til Ramstoliane (Dirdal aust), Gjesdal kommune

BaneNOR har ingen merknader til verneprosessen. Verneforslaga er vurdert og vedkjem ingen interesser til jernbanen.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Jernbanedirektoratet har ingen merknader til verneprosessen. Verneforslaga er vurdert og vedkjem ikkje eksisterande eller planlagd jernbaneanlegg.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Statnett SF har ingen merknader til verneprosessen. Verneforslaga er vurdert og vedkjem ingen av Statnett sine anlegg eller planar.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Språkrådet meiner at det ikkje er lokale namn på kart ([Norgeskart](#), [Lokalnamn](#)) som eignar seg å ta utgangspunkt i. Dei foreslo difor først namnet Nedre Dirdal naturreservat. Statsforvaltaren sende eit oppfølgingsspørsmål til Språkrådet om bruk av Ramstoknuten, og fekk som svar at dei foreslår å nytta føreleddet Ram(n)sto og leggja til -liane jf. namnetradisjonen på Sørvestlandet der det er vanleg å nytta fleirtalsforma «liane» i omtale av breie li-teigar. Ved å leggja til -liane, viser namnet til eit større område i lia nedanfor fjellet.

Statsforvaltarens kommentar: Statsforvaltaren meinte at Nedre Dirdal naturreservat vurderast å vere eit namn som ikkje eintydig speglar kor reservatet ligg då Dirdalen er lang. «Nedre» kan vere fleire stader nedanfor midten og det kan i tillegg ligge på begge sider av dalen. «Nedre Dirdal» kan like så godt visa til det verneforslaget som ligg på vestsida av dalen. Statsforvaltaren ønskte difor å knyte namnet til det godt kjende fjellområdet ovanfor. Varberknuden kjem fram når ein zoomar langt inn på Norgeskart, men Ramstoknuten står tydeleg på kartet òg ved større målestokk. Sistnemnde er også eit namn som er godt kjent som eit turmål langt utanfor Dirdal. Stien opp på fjellet går gjennom foreslått verneområde. Ved søk i stadnamn-registeret (SSR) viser både Ramstoknuten, Nedra Ramstona og Øvra Ramstona som godkjente skrivemåtar.

Statsforvaltaren har vurdert og støttar Språkrådets siste innspel på det oppfølgande spørsmålet, og foreslår med det Ramstoliane naturreservat.

Landbruksdirektoratet ber om at det må komma tydeleg fram i høyringsdokumenta om, og i tilfelle korleis områda blir nytta til landbruksføremål. Landbruksinteresser i områda som ikkje blir tekne omsyn til i utkast til forskrifter, må det grunngjevast. Dersom det går vegar og ferdsselsårer gjennom verneområda, skal det vurderast føresegn i verneforskriftene om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør leggjast til rette for drift og vedlikehald av støls- og seterområde og opnast for andre tekniske tiltak som bidrar til ei landbruksmessig utnytting av området. Forskrifta bør opne for beite og utsetting av saltstein, samt oppføring og vedlikehald av gjerder og sanketrøer. Viss ikkje, må det gjevast ei fagleg grunngjeving.

Føresegn om motorferdsel må vurderast i samband med tiltaka nemnd over. Det bør vere generelt unntak om motorferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Landbruksdirektoratet etterlyser Statsforvaltaren sine vurderingar i «*Skjema for avveining av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgangen*» og rapport «*Skogfaglig beskrivelse*» for områda i oppstartsmeldinga, samt plassering i avvegingsmatrisa.

Statsforvaltarens kommentar: Verneområdet inneheld i stor grad naturtypar som ikkje er beiteavhengige, men beitepreg finst. Det er tydeleg at skogen har vore beita i lang tid og i sør går det enno sau på beite. Det som er beitemark er likevel ikkje med i verneforslaget. Verneforskrifta vil ivareta beiteinteresser i området. Det går ein sti langs Dirdalsåna, og i eit lite parti grensar foreslått verneområde heilt ned til åna, og stien går der inn i verneområdet. I tillegg går det fleire merka stiar gjennom området og opp på fjellet. Nokre av dei viktigaste merka stiane er teikna inn på vernekartet. Ferdsselsårer og stiar skal kunne haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet, og er inkludert i § 4 om generelle unntak frå vernereglane. Kjærvollstølen ligg berre knappe 200 meter ovanfor det søraustlegaste hjørnet av foreslått verneområdet. Andre landbruksinteresser er ikkje kjent.

Avveiging mellom skogvern og skogbruk handsamast i kapittel 5.1.

Rogaland fylkeskommune har vurdert verneforslaga og støtter verneprosessen som bidrar til å verna livskraftige naturmiljø i Rogaland og hindra tap av natur.

Fylkesdirektøren kjenner ikkje til registrerte kulturminne i dei foreslåtte verneområda, per i dag, og vurderer at vern gjennom naturmangfaldlova er eit gode for eventuelt ukjente kulturminne i områda. I verneprosessen bør det vurderast om det er kulturminne eller kulturverdiar som bør vernast særleg, til dømes kulturminne frå tidlegare bruk, stølsdrift, skogsdrift og anna bruk av utmark som eldre mura stiar og vegfar, steingjerde, tufter eller andre spor frå eldre bruk.

Statsforvaltarens kommentar: Kulturminne er sjekka på offentleg kart og ingen registreringar av SEFRAK-bygningar, enkeltminne lokalitetar eller kulturmiljø er funne. Det er ikkje kjente kulturminne frå tidlegare bruk, anna enn stiar og enkelte steingardar. Standard fråsegn om at ein kan søka dispensasjon for istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne, er gitt i § 7.

Gjesdal kommune er positiv til verneprosessen. Dei har i kommuneplan for naturmangfald eit punkt som gjeld utredning av aktuelle område for vern. Der er frivillig vern av skog, særleg regnskog og rike edellauvskogar, nemnd i mellom anna Dirdal.

Gjesdal kommune foreslår namnet Padlane i Dirdal naturreservat. Dei tenker at det er naturleg å bruke namnet Padlane som står i kartet og at gardsnamnet Dirdal bør leggjast til.

Gjesdal kommune har ingen ytterlegare opplysningar om naturmangfald enn det som finst i offentlege databasar og sensitive artsdata. Dei har nyleg lagt inn eit nytt viltområde med stor verdi (viltvekt 2). I faktaarket er det skildra slik: «*Sørvendte løvskogier i nordre Dirdal. Mye*

blandingsskog, med gråor langs elva og bjørk, eik, lind, osp, rogn m.fl. i liene over elva. Gråspett og dvergspett hørt og sett her flere ganger. Dvergspett hekker, men trolig hekkeområde for begge arter.»

Gjesdal kommune viser til at området er eit viktig og mykje brukt friluftsområde, jf. [Foreningen for støsliv og friluftsliv i indre Gjesdal](#) og deira [kart](#).

I nærleiken av verneforslaget har IVAR to grunnvassbrønnar som forsyner Dirdal med drikkevatt. Området ligg på flata, omlag 50 meter, vest for verneforslaget og er gjerda inne for å unngå beiting. Området (gnr. 78, bnr. 2, fnr. 3) er i kommuneplanen vist med omsynssone H5, og er ei sikringssone for grunnvassbrønnane.

Området frå Dirdalsåna og opp mot fjellsidene blir nytta til utmarksbeite for sau og storfe. Kommunen går ut frå at denne dette kan fortsette ved eit eventuelt vern.

Statsforvaltarens kommentar: Det er svært kjekt at kommunen er medviten på at det er viktig å ta vare på og verne verdifull natur for framtida, og at dei allereie hadde identifisert Dirdal som eit moglege område med verdifulle regnskogar og rike edellauskogar.

Statsforvaltaren vurderer at kommunens namneforslag, med vedhenget «i Dirdal» ikkje er i tråd med retningslinjer frå Miljødirektoratet. Padlane kan brukast, men dette namnet peikar eigentleg på ei hylle i terrenget. Statsforvaltaren foreslår Ramstoliane naturreservat, jf. oppfølgande kommentar frå Språkrådet. Ramstoliane naturreservat er eit namn som er utleia av et særst godt kjent lokalt namn og har ei ending som angir at det dekkjer eit større område. Ramstoliane er lett er å stadfeste.

Kunnskap om at verneforslaget er del av eit område som er viktig for spettefuglar og truleg er hekkeområde for to artar, styrker verdien av at det blir verna som naturreservat.

Statsforvaltaren anerkjenner at området er eit viktig friluftslivsområde og at stiar som allereie finst og er merka skal kunne haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet, jf. verneforskrifta § 4 bokstav d.

Statsforvaltaren vurderer at området med grunnvassbrønnane og verneforslaget ikkje har nokon gjensidig påverknad på kvarandre.

Vernet er ikkje til hinder for at området kan nyttast til beite, jf. verneforskrifta § 4 bokstav

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) påpeiker det digitalt kartlagde vasskraftpotensialet nord for Gaupelemmen, med ein forventet produksjon på 0,89 GWh/år. Dei nemner vidare at grunneigarane blei informert om dette før oppstartsmeldinga blei sendt frå Statsforvaltaren og at dei valde å la heile arealet kring bekken vere med i verneplanprosessen.

NVE kan ikkje sjå at det er kraftliner ein må ta omsyn til i området, men ber områdekonsesjonær Lnett AS om å uttala seg om verneforslaget kjem i konflikt med eksisterande eller planlagde anlegg i nærleiken.

NVE påpeiker at området er kartlagd som aktsemdsområde for flaum, jord- og flaumskred, snøskred og steinsprang. Vidare er det gjennomført flum- og sikringstiltak i Dirdalsåna som grenser til verneforslaget. Tiltaka må kunne haldast ved like og oppgraderast ved behov. I tillegg kan det vere naudsynt med ytterlegare tiltak knytt til flaumsikring, erosjon- og skredsikring i bratt terreng. Det er planlagd flaumsonekartlegging i området og det kan bli naudsynt med sikrings-tiltak mot skred. Dei ber om at det blir gitt spesifisert dispensasjon i verneforskrifta § 7 for anleggsarbeid og motorferdsel knytt til etablering, vedlikehald og ombygging av flaum-, erosjon- og skredsikring og unntak i § 4 og § 6 for sikringstiltak ved akutt behov og fare for liv og helse.

Statsforvaltarens kommentar: Grunneigarane er kjent med at det er kartlagd digitalt vasskraftpotensial i bekken nord for Gaupelemmen og ville i utgangspunktet halde bekken utanfor verneplan-prosessen. På grunn av dårleg arrondering av tilbodsarealet ville Statsforvaltaren ikkje inkludera arealet sør for bekken i prosessen, dersom ikkje bekken var med. Allereie før skogkartlegginga av tilbodsområdet, var det godt kjent at området kring bekken hadde eit stort artsmangfald av sjeldne artar knytt til fuktig oseanisk skog kring bekken og bekkekløfta. Gjennom samtalar og synfaring har grunneigarane likevel ønska å vere med i verneplanprosessen for å sjå meir kva verneplanen går i, og for å vurdera nærare når det føreligg eit erstatningstilbod. Dei vil på eit seinare tidspunkt ta den endeleg avgjerda om vern eller ikkje vern av arealet kring bekken.

Lnett har på førespurnad, ikkje kommentert verneforslaget Dirdal aust, berre Dirdal vest. Dette har nok samanheng med at det ikkje er kraftleidningar i eller i nærleiken av verneforslaget.

Statsforvaltaren vurderer flaum og skredfaren som reell, men vil ikkje inkludera fråsegner i verneforskrifta knytt til flaumsikring, erosjon- og skredsikring i bratt terreng berre på generelt grunnlag. Dersom det er kjente hendingar og difor vurdert gjentakingsfare, må dei konkretiserast og greiast ut. Elles er verneforskrifta utforma sånn at uforutsette hendingar kan handterast.

4. Endringar etter oppstart av verneplan

4.1. Namneendringar

4.1.1. Dirdal vest → Kleivane naturreservat

Statsforvaltaren foreslår Kleivane naturreservat og viser til kommentar i avsnitt 3.2.1.

4.1.2. Dirdal aust → Ramstoliane naturreservat

Statsforvaltaren foreslår Ramstoliane naturreservat og viser til kommentar i avsnitt 3.2.2.

4.2. Grenseendringar

Det har ikkje kome forslag om grenseendring sidan oppstarten for nokon av verneforslaga.

5. Konsekvensar av eit vern

Når ein opprettar eit naturreservat etter ordninga frivillig vern av skog beheld grunneigar eigedomsretten, mens skogen eig staten på grunnlag av erstatningsoppgjeret og grunneigar kan ikkje lenger disponera den. I tillegg blir det lagd restriksjonar på kva for aktivitetar og tiltak som kan gjennomførast i verneområdet. Naturreservat, jf. § 37, er den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, jf. §§ 33-51. I naturreservat må ingen foreta noko som skadar verneverdiane. Verneforskriftene inneber eit generelt forbod mot hogst, bygge- og anleggsverksemd og

motorferdsel. Restriksjonsnivået varierer noko i verneforskriftene for områda. Dette heng saman med områdetets kvalitetar og verneformål, brukarinteresser, eksisterande tilrettelegging, anlegg og innretningar. For detaljar visast det til verneforslaget for dei enkelte områda.

Kven som blir forvaltningsstyresmakt blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet. Statsforvaltaren er forvaltningsstyresmakt for dei fleste verneområda, men i nokon tilfelle blir denne delegert til den aktuelle kommunen. I denne verneprosessen vil Statsforvaltaren vere forvaltningsstyresmakt for Kleivane naturreservat og Ramstoliane naturreservat.

I hovudsak er det den naturlege dynamikken som skal avgjere utviklinga i reservata og skal i stor grad få vere urørte. Statsforvaltaren vurderer difor at behovet for skjøtsel i dei fleste tilfella er lite. I skogområde vil fjerning av utanlandske treslag, til dømes sitkagran og ulike artar lerk, eller andre framande planteartar, gjerne vere det som er mest naudsynt å gjere. I Rogaland reknast heller ikkje den vanlege norske grana som stadeigen eller at den høyrer til i våre skogar. Nokre stader vil ein difor måtte gjennomføra større restaureringstiltak ved å foreta hogst av større eller mindre plantefelt med gran. Andre gonger kan det vere ønskeleg å gjere skjøtselstiltak som på andre måtar fremjar verneformålet eller verneverdiane, til dømes å framskunda den naturlege aldriingsprosessen i skogen ved å auka førekomensten av daud ved eller å oppretthalde seminaturleg preg og det naturmangfaldet som naturleg følger med slike areal. Då kan det vere naudsynt med skjøtsel i tråd med den tidlegare hevda. Dette kan vere, beite, slått, styving eller lauving av tre. Slike skjøtselstiltak må likevel berre gjerast dersom ein ser at det kan fremje verneføremålet, og det må forankrast i ein godkjend skjøtelsplan. Etter eit eventuelt vern et vedtatt, vil behovet for restaurering og fjerning av framande artar, forvaltningsplan og skjøtsel bli vurdert fortløpande, og ein kan søka om midlar frå Miljødirektoratet for å gjennomføre tiltak.

De kan vere mange interesser som kan ha påverknad på eit verneområde og motsett. Her nemnast i korte trekk dei vanlegaste som inngår i dei aktuelle områda.

Kraftinteresser:

I Kleivane naturreservat er det kraftanlegg som går langs grensa til verneforslaga. I forskrifta er det tatt med standardformuleringar om at verneregiane ikkje er til hinder for drift, vedlikehald, istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande kraftanlegg i og inntil verneområdet, samt oppgradering eller fornying av kraftleidningar. I Kleivane går vernegrensa tett på ryddebeltet til eksisterande kraftlinje fordi det er verdifull skog i heile lia.

I Ramstoliane naturreservat er det registrert digitalt kraftpotensiale i ein bekk. Grunneigarane er kjent med potensiale og at det etter at vern er vedtatt, kan ein ikkje utnytte desse ressursane. Grunneigarane har enno ikkje tatt endeleg stilling til om arealet kring bekk skal vernast.

Kleivane naturreservat ligg nær eit vatn og ein bekk som er regulert, men likevel ikkje heil inntil.

Friluftsliv:

Både Ramstoliane naturreservat og Kleivane naturreservat ligg i kartlagde svært viktige friluftslivsområde. Vernet er ikkje til hinder for vanleg, enkelt friluftsliv, og er ikkje til hinder for å vedlikehalde eksisterande stiar i samsvar med standard på vernetidspunktet. Verneforskrifta til Ramstoliane naturreservat vil likevel ikkje opne for bålbreining.

5.1. Avveging skogvern vs. skogbruk

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 01.07.2020 med oppdatering 08.11.2021 skal all skog som det gis tilbod om til frivillig vern, vurderast med omsyn til verneverdiar og

skogbruksverdiar sett opp imot kvarandre slik matrisa i figur 2 viser. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 01.02.2022, og ved vern av offentlig eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Betydning for tømmertilgangen blir vurdert for det arealet som er tilbode, medan betydning for vern blir vurdert for verneverdig areal innanfor tilbodet.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1 ¹⁾
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1 ¹⁾
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
	Betydning for tømmertilgangen								

Figur 2. Matrise for kva området betyr for tømmertilgangen og betydning for vern. Grøne område angir område der vern skal prioriterast framfor skogbruk, raude ruter angir at tømmertilgangen skal prioriterast framfor vern og gult felt angir område som må vurderast nærare av Statsforvaltaren.

Begge verneforslaga i Dirdal som no blir foreslått for vern, ligg innanfor dei kategoriane som skal prioriterast for vern (grøne ruter). Kleivane er vurdert til V3S7 og har noko betydning for vern og mindre betydning for skogbruk. Ramstoliane er vurdert til V1S7 og har stor betydning for vern og mindre betydning for skogbruk.

Gjennom verneprosessen er det gjort tilpassingar mot skogbruksinteresser og andre interesser.

Tabell 3. Resultat av vurderinga av verneverdi opp mot skogbruk for verneforslaga Kleivane og Ramstoliane.

Område	Betydning for vern og tømmertilgang	Tilbode areal	Areal foreslått for vern
Kleivane naturreservat	V3S7	590 daa	590 daa
Ramstoliane naturreservat	V1S7	633 daa	633 daa
Totalt	Vern vinn	1223 daa	2685 daa

6. Høyring

I neste kapittel er kvart av verneforslaga skildra med informasjon om området generelt, verneverdiar og andre interesser. Vedlagt høyringsbrevet og dette høyringsdokumentet følger konkrete forslag til verneforskrifter og vernekart med tilrådde vernegrenser.

Høyringsdokumenta blir sendt breitt ut grunneigarar, naboar og lokale, regionale og nasjonale instansar og blir også lagt ut på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside under [Høyringar](#) og under [Miljø og klima > Verneområde](#). Dei som ønsker å få tilsendt papirkopi kan ta kontakt med oss. Foreslått avgrensing ligg som pdf-kart på heimesida og kan sjåast på kart i [Naturbase](#) og i [Temakart Rogaland](#) under «Foreslåtte naturvernområde».

Føreliggande forslag til verneområde og vernereglar er utarbeidd på grunnlag av naturfaglege registreringar, dialog med aktuell skogeigarorganisasjon som har kontakt med grunneigarar og innspel frå melding om oppstart. Forskriftene og avgrensingane som sendes på høyring no er godkjent av grunneigarane, men både forskrift, avgrensing og kart vil kunne vere gjenstand for vidare drøftingar under høyringa.

Formålet med høyringa er å få synspunkt og merknader til verneforslaga. Me ber spesielt om at dykk og andre brukarar av områda, går nøye gjennom forslag til verneforskrifter og gir oss tilbakemelding dersom dykk har meir informasjon om området som kan være av betydning for den vidare verneprosessen. Slik informasjon kan for eksempel vere om andre stiar som er i bruk, eksisterande bygningar, anlegg eller traktorveggar som det bør knytast føresegn til og merkast av på vernekartet. Statsforvaltaren ønsker særleg synspunkt på:

- Områdenamn
- Naturverdiar som ikkje allereie er kjende.
- Bruk av områda som ikkje allereie er kjende.
- Eventuelle konflikhtar med andre interesser. Eventuelle konflikhtar bør skildrast konkret, og også kva som vil vere nødvendig for å løysa eller redusera konflikten.
- Avgrensinga av områda.
- Forskriftene med vernereglar, unntak frå vernereglane og dispensasjonsreglar.
- Eventuelle behov for skjøtsel og tiltak, samt innspel til forvaltning av områda.
- Eventuelle feil i høyringsdokumentet, mottakarlista og aktuelle gnr./bnr.

Kommunane bes spesielt vurderer om dei ønsker forvaltningsstyresmakt for sine verneområde. Sjå meir informasjon om dette i neste kap. 7.

Med bakgrunn i innkomne merknader og opplysningar, samt drøftingar med grunneigarane, vurderer Statsforvaltaren behovet for å justere verneforslagene før endeleg tilråding av verneforslaga sendast til Miljødirektoratet.

Frist for å uttale seg til verneforslaget er satt til 25.09.2026.

Uttalar sendast skriftleg, anten i brev til Statsforvaltaren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger eller på e-post til sfropost@statsforvalteren.no.

Ver vennleg å merka sendinga med saksnummer **2023/5390** og namn på området det gjeld.

7. Forvaltningsstyresmakt

Kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for eit verneområde blir fastsett av Miljødirektoratet ved vernevedtak. Statsforvaltaren er forvaltningsstyresmakt for dei fleste verneområda, men styresmakta er i nokre tilfelle delegert til kommunane. Kommunar som ønsker delegert forvaltningsstyresmakt, bes gje tilbakemelding om dette gjennom denne høyringa.

For kommunanes tilbod om forvaltningsstyresmakt gjeld følgande forutsetningar:

- Kommunen får tilbod om å få forvaltningsstyresmakt for alle verneområda som ligg fullt ut innanfor kommunens grenser.
- Kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsstyresmakt må takke ja til å overta forvaltningsstyresmakt i alle aktuelle verneområde i kommunen. Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.

8. Verneforslag

8.1. Kleivane naturreservat (Dirdal vest), Gjesdal kommune

Kommune: Gjesdal

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: ca. 590 daa

Eigedommar som inngår i vernet: Gjesdal kommune, gnr./bnr. 78/2, 78/7, 78/11 og 78/26. Eigd av 3 grunneigar.

Lokalisering og avgrensing

Foreslått verneområde ligg på vestsida i munninga av dalen Dirdal i Gjesdal kommune. Verneforslaget strekk seg frå kraftleidninga ved tunnelopninga aust for Røyralsåna og parallelt med elva oppover mest til Yleskogvatnet. Vidare går grensa søraustover og følgjer eigedomsgrensa langs Vassfjellet til Nonsknuten kor den vender mot nordaust og går ned mot dalen igjen, også her i eigedomsgrense. Nedst i bakken mot dalen følgjer foreslått vernegrense langs ryddebeltet for kraftleidninga. Området ligg i ei stadvis bratt lisode som vender mot nordaust ned mot Høgsfjorden og Dirdal. I sør er det ei mindre bekkeløft.

Verneføremål og verneinteresser

Føremålet med vernet er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som har særskilt betyding for biologisk mangfald i form av både fattig og noko rikare boreonemoral regnskog med bjørk, flaummarkskog (VU) og høgstaude-edellauvskog (VU). Området husar fleire indikatorartar for oseaniske fuktige skogsmiljø og trua og nær trua artar.

Foreslått verneområde består hovudsakeleg av lauvskog, men har betydeleg innslag av rogn, osp og selje som tilfører verneverdi til skogen. Det er også spreidd innslag av furu, men mest i nordvest, opp langs Rørdalsåna til Yleskogvatnet. Det er store variasjonar i luftfukt med dei tørraste områda øvst mot toppen der det er lyngskog. I nordvest, opp mot Røyralsbeken og Yleskogvatnet er det furudominert skog med innslag av store, gamle og flotte furutre og einskilde store bjørketre. Dette området var ikkje med i det første tilbodet, men kom til seinare og blei difor ikkje kartlagt. Det blei likevel synfart av Statsforvaltaren. Sjølv der det er lyngskog, er det tydeleg eit fuktig klima med mykje torvmose i botnsjiktet og ein del epifyttvekst på trestammane. Nokre stader blei det registrert førekomst av algevekst på trea. I lia elles er det generelt høg luftfukt/ råme og det finst både store og mindre areal med fattig boreonemoral regnskog med bjørk i tresjiktet. Til saman 9 habitatspesifikke artar for boreonemoral regnskog er registrert spreidd i kartleggingsområdet (tabell 4), hinnebrege, purpurmose, gullhårmose, småhinnemose, dvergperlemose, bergljåmose, praktflekklav (VU), gul pærelav (NT) og kystkorallav (NT). I tillegg er det funne andre regnskog-indikatorar som grå buktrinslav (VU), tussepraktlav (VU), skoddelav (NT), kjøttkraterlav (VU), rosaflekklav, gammalgranlav, kattedotlav, (jf. skoganalyserapporten). Gammalgranlav reknast som ein god indikator-art for gamle skogar med høg naturverdi (Tehler, A. i [Naturhistoriska Riksmuseet](#)). Skogen er i stor grad gammal skog i hogstklasse 5, med innslag av eldre skog (hogstklasse 4). Det er spreidd førekomst av store gamle tre, spesielt osp, rogn, bjørk, ask og selje, men også furu i de øvre områda mot Røyralsåna og Yleskogvatnet. I søraust er det innslag av edellauvtre, mellom anna ask (EN) og rikare vegetasjonstypar. Her er det også nokre spreidde førekomstar av gamle tidlegare styva asketrær, kor det blei funne bl.a. rød stuvlav (VU). Området husar totalt 12 raudlista artar (tabell 4), der to, fossegrimemose og ask, er vurdert til sterkt trua (EN) på raudlista for 2018. Seks artar er sårbare (VU) og fire er nær trua (NT). Heile 12 av dei registrerte artane er ansvarsartar for Norge.

Den trua naturtypen flaumskogsmark (VU) finst både som eige polygon og som mindre parti i bekkeløfta i sørvest, og der finst det i tillegg ca. 1 daa med høgstaude-edellauvskog (VU). Under Statsforvaltarens synfaring i august 2025 blei det også funne fleire mindre parti med rikare kildevannspåverka område med høgstaudeskog og storbregneskog. I søraust er det kartlagd eit areal avgrensa som kalkrik skog med særleg stor førekomst av rogn, osp og selje, i tillegg til opp mot 50 % edellauvtre av ask, lind, hassel og svartor. Dei største verneverdiane er i dei midtre og nedre delen av lia, men naturskognærleik med av død ved og store gamle tre er større i dei øvre delane av arealet. Eigen synfaring stadfesta at det var god førekomst av store gamle tre av både furu og bjørk i området langs Røyrdalsåna og opp mot Yleskogvatnet der det ikkje er kartlagt. Derfor er øvre delar av området er inkludert og det vil gi verneområdet ein heilskapleg og god arrondering opp mot fjellet.

Tabell 4. Regnskogsartar og trua og nær trua artar registrert i verneforslaget Kleivane naturreservat.

Registrerte regnskogsartar	Latinsk namn	Arts-gruppe	Raud-liste-kategori	Habitat-spesifikk art *	Regnskogs-art i fattig skog **	Regnskogs-art i rik skog **
Grå buktkrinlav	<i>Hypotrachyna laevigata</i>	Lav	VU		✓	
Praktflekklav	<i>Coniocarpon fallax</i>	Lav	VU	✓	✓	✓
Gul pærelav	<i>Pyrenula occidentalis</i>	Lav	NT	✓	✓	✓
Kystkorallav	<i>Bunodophoron melanocarpum</i>	Lav	NT	✓	✓	✓
Gammelgranlav	<i>Lecanactis abietina</i>			Fuktkrevjande, oseanisk		
Bergljåmose	<i>Dicranodontium uncinatum</i>	Mose	LC	✓	✓	✓
Dvergperlemose	<i>Microlejeunea ulicina</i>	Mose	LC	✓	✓	✓
Gullhårmose	<i>Breutelia chrysocoma</i>	Mose	LC	✓	✓	
Purpurmose	<i>Pleurozia purpurea</i>	Mose	LC	✓	✓	
Småhinnemose	<i>Plagiochila punctata</i>	Mose	LC	✓	✓	✓
Hinnebregne	<i>Hymenophyllum peltatum</i>	Karplante	LC	✓	✓	✓
Andre raudlisteartar						
Rød stuvlav	<i>Thelopsis rubella</i>	Lav	VU	Noko fuktkrevjande		
Tussepraktlav	<i>Cetrelia cetrarioides</i>	Lav	VU	Fuktkrevjande, oseanisk		
Kjøttkraterlav	<i>Gyalecta carneola</i>	Lav	VU			
Skoddelav	<i>Menegazzia terebrata</i>	Lav	NT	Noko fuktkrevjande		
Fossegrimemose	<i>Herbertus stramineus</i>	Mose	EN			
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	Karplante	EN			
Knerot	<i>Goodyera repens</i>	Karplante	NT			
Lind	<i>Tilia cordata</i>	Karplante	NT			
Ansvarsartar						
Kystkorallav	<i>Bunodophoron melanocarpum</i>	Lav	NT	✓	✓	✓
Bergljåmose	<i>Dicranodontium uncinatum</i>	Mose	LC	✓	✓	✓
Grannkrekemose	<i>Lepidozia pearsonii</i>	Mose	LC			
Gullhårmose	<i>Breutelia chrysocoma</i>	Mose	LC	✓	✓	
Heimose	<i>Anastrepta orcadensis</i>	Mose	LC			
Hettekimose	<i>Tetradontium brownianum</i>	Mose	LC			
Lyngtorvmose	<i>Sphagnum quinquefarium</i>	Mose	LC			
Praktvebladmose	<i>Scapania ornithopodioides</i>	Mose	LC			
Purpurmose	<i>Pleurozia purpurea</i>	Mose	LC	✓	✓	
Rugledraugmose	<i>Anastrophyllum assimile</i>	Mose	LC			
Småhinnemose	<i>Plagiochila punctata</i>	Mose	LC	✓	✓	✓
Vingemose	<i>Douinia ovata</i>	Mose	LC			

* Habitat-spesifikk art jf. naturtypen Boreonemoral regnskog utan bartredominans (Miljødirektoratet 2022b).

** Regnskogsart jf. (Miljødirektoratet 2022b og/eller Steinsvåg m.fl. 2018)

*** Regnskogsart, jf. Artsdatabanken: Henta 06.04.2026 frå <https://artsdatabanken.no/arter/takson/190406>

**** Artsdatabanken: Henta 06.04.2026 frå <https://artsdatabanken.no/arter/takson/220408>

Statsforvaltaren vurderer at verneforslaget har stor verdi og fyller manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det i hovudsak er lågareliggande skog, i boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone som gir nokså varmekjært klima. Vidare ligg det i sterkt oseanisk seksjon og har ein nordaustleg eksposisjon som gjer at området har særleg fuktig kystklima. Området har betydeleg areal vurdert til boreonemoral regnskog og litt flomskogsmark (VU) som er prioriterte naturtypar for vern i Rogaland. Verneforslaget har hovudsak dominans av boreale lauvtre, men furu inngår og dominerer stadvis i nord. Ask (EN) inngår spreidd, men mest mot søraust. Vidare husar verneforslaget mange trua og nær trua artar, totalt 12 artar, og mange habitatspesifikke artar for regnskog. Det vil bli eit stort verneområde med godt kjerneareal og god arrondering. Området bidrar også til godt økologisk nettverk dersom det blir verneområde på begge sider av dalbotnen ytst i Dirdal.

Kjelder: Skoganalyse, Temakart Rogaland – Natur, Naturbase, Artskart.

Kommentar knytt til skoganalyserapportane

Det første tilbudsområdet blei kartlagt i juni 2023 og fekk først ein skogvernindeks på 4,25 som er ein god verdi for Rogaland (sjå vedlegg Skoganalyse – Kleivane, del 1). Den indeksen var basert på at eit stort og eit lite polygon avmerkt som boreonemoral regnskog. Dette gir utslag på verdien for storleik ved at det gir høg skår, 2,00, for parameteren *Edellauvskog, kalkskog og regnskog*. Dette er korrekt, det er skildra og finst mykje av naturtypen *boreonemoral regnskog utan bartredominans* i området, ca. 50 daa. Dette blei også stadfesta då Statsforvaltaren var med på synfaring. Det som ikkje var korrekt, var at arealet kom ut på kartfiguren som ein raudlista naturtype, då det berre er boreonemoral regnskog med bartredominans som er raudlista¹. Naturtypen boreonemoral regnskog utan bartredominans var likevel ikkje oppført under raudlista naturtypar i tabellen, noko som var korrekt.

Kartleggar blei bedt om å endre kartleggingseininga så den ikkje skulle kome ut som raudlista naturtype. Dermed fall skogvernindeksen til 3,25² som ikkje er ein veldig god verdi (sjå vedlegg Skoganalyse – Kleivane, del 2). Skåren for naturgitt mangfald (1,75) og naturskognærleik (0,50) var lik i begge tilfella. Det var ikkje riktig å endra naturtypen til noko anna enn regnskog, men den regnskogtypen var ikkje ein raudlista type. Tilsvarande var det både i Dirdal vest og aust. Statsforvaltaren er usikker på kvifor det vart feil, om det var på grunn av ein teknisk feil berekningsfeil i metoden eller menneskeleg feil. Begge skoganalyserapportane er vedlagt.

Kulturhistoriske verdier

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-bygningar innanfor verneforslaget og det er heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal eller regional interesse.

Kjelde: Temakart Rogaland – Kulturminne.

Inngrepsstatus og andre interesser

Det går ein kraftleidning langs heile den foreslåtte vernegrensa mor nordaust.

Vasskraftpotensialet i Røyralsåna (Stølsvatnåna) er allereie utbygd med vassinntak i Yleskogvatnet, like utanfor verneforslaget. Vatnet går i tunnel under terrenget gjennom verneforslaget, ned til kraftstasjonen ved fjorden. Konesjonen gitt i 2002, viser at det er pålagt minstevassføring i Stølsvatnåna frå mai til august.

Det er ingen registrerte interesser i geologiske kartdatabasar.

¹ Norsk rødliste for naturtyper 2018: <https://artsdatabanken.no/naturtyper/rodlista-naturtyper/2018>

² Skoganalyse Kleivane: <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/5978DBCB-023B-4119-A5D5-E4950E6FA049>

Verneforslaget ligg delvis i *Madlandsheia*, eit stort kartlagt friluftslivsområde av typen *Stort turområde utan tilrettelegging* med områdeverdi *svært viktig*. Friluftsområdet dekker sentrale delar av verneforslaget i eit breitt område kring stien som går frå Dirdalsstranda og opp på fjellet ved Kleivane. Det fortsett over Vassfjellet og Yleskogvatnet og over fjellet til Madland. I tillegg dekker det den nordlegaste spissen av verneforslaget der det går ein sti oppover åsen på austsida av Røyrdalsåna.

Kjelder: Temakart Rogaland - Geologi, Friluftsliv, NGU, NVE.

Planstatus

Heile verneforslaget er i kommuneplanen for Gjesdal kommune 2023-2035 avsett som LNFR-område til landbruks-, natur- og friluftslivsmål samt reindrift og skildra sånn: «*I LNFR-områdene tillates kun tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag med tilhørende bolighus, garasjer og boder, og andre mindre tiltak (stier, broer og lignende, men ikke bygg) som har til hensikt å legge til rette for friluftsliv for allmennheten*».

Kjelder: Temakart Rogaland – Plan, Kommuneplanens arealdel 2023-2035
<https://arealplaner.no/gjesdal1122/arealplaner/292>

Samfunnstryggleik

Mykje areal i verneforslaget er merka som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred.

Kjelder: Temakart Rogaland –Samfunnstryggleik.

Avvegning skogvern vs. skogbruk

Verneforslaget har betydning for skogvern på grunnlag av flaumskogsmark (VU) stort areal med boreonemoral regnskog og god førekomst av rogn, osp og selje. Området har god førekomst av trua og nær trua arter og regnskogindikatorar. Området har mindre betydning for skog- og trenæringa på grunnlag av at det er bratt og utilgjengeleg, og ståande volum vitnar om lav produksjonsevne, samt krevjande drift.

Resultatet i avvegingsmatrisa i tabell 5 er V3S7 og viser at verneforslaget Kleivane har noko betydning for vern og mindre betydning for skog- og trenæringa.

Tabell 5. Resultat av vurderinga av verneverdi opp mot skogbruk for verneforslaga Kleivane.

Område	Betydning for vern og tømmeravgang	Tilbode areal	Areal foreslått for vern
Kleivane naturreservat	V3S7	590 daa	590 daa

Vedlegg: Kleivane - Avveing skogvern vs. skogbruk.

8.1.1. Kommenterar til verneforskrifta for Kleivane naturreservat

Framlegg til verneforskrift er lagt ved høyringa. Under er einskilde paragrafar kommentert.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- e. *Bålbrenning er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.*

Kommentar: Forbod mot bålbrenning er standard i skogvernområder. Verneforslaget inngår delvis i eit kartlagt friluftslivsområde, Madlandsheia friluftslivsområde av typen *Stort turområde utan tilrettelegging*, med områdeverdi *svært viktig*. Brukarfrekvensen er vurdert til *stor* og regionale og nasjonale brukare til *ganske ofte*. Stien frå Dirdalsstranda og opp på fjellet går oppover lia gjennom naturreservatet. På vestsida av Yleskogvatnet er det ein støl som kan vere eit turmål. Elles går det sti langs toppen av lisida søraustover til fine utkikks plassar og vestover og innover fjellet mot Madland. Stien vil truleg vere ein «gjennomgangsveg» og naturreservat vil truleg ikkje vere den naturlege staden å tenna bål. Statsforvaltaren vurderer difor at Kleivane naturreservat toler eventuell frekvens av bålbrenning. Likevel bør alle vere merksam på at området er verna fordi det inneheld eit verdifullt skogområde med verdifulle tre og livsmiljø og sjeldne og sårbare artar. Bålbrenning utgjør ein risiko i skog, og me ønsker at alle som ferdast der, tek omsyn til risikoen for villbrann i Kleivane naturreservat.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- g. *oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt*
h. *forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Kleivane naturreservat toler eventuell frekvens av mobile jakttårn og forsiktig rydding av småbuskar og kvist.

§ 5 Regulering av ferdsel

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- b. *Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar avmerkt på vernekartet.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Kleivane naturreservat toler eventuell frekvens av sykling, riding og bruk av hest på dei stiane som er avmerkt på vernekartet.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. *nødvendig motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at så lenge det går kraftlinjer tett på verneforslaget, må denne fråsegna vere med i verneforskrifta § 5.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- d. *oppsetting og vedlikehald av gjerde*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at det er lite truleg at det er aktuelt med beite, men i og med at det er eit generelt unntak for beiting, jf. § 4 bokstav e, kan det vere naudsynt å sette opp gjerde og vedlikehalde desse. Tiltaket er søknadspliktig.

- e. *avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at naturreservatet tolerer visse arrangement dersom det blir tatt naudsynte omsyn så ein ikkje skadar verneverdiane. Tiltaket er søknadspliktig.

f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut gran og andre utanlandske treslag som er spreidd eller spreier seg i naturreservatet.

g. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4

h. nødvendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at så lenge det går ei kraftlinje tett på verneforslaget, må desse fråsegnene vere med i verneforskrifta § 7. Tiltaka er søknadspliktige.

8.2. Ramstoliane naturreservat (Dirdal aust), Gjesdal kommune

Kommune: Gjesdal

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: ca. 633 daa

Eigedommar som inngår i vernet: Gjesdal kommune, gnr./bnr. 77/1, 78/2, 78/4, 78/5, 78/7, 78/8, 78/9 og 78/57. Eigd av 7 grunneigar.

Lokalisering og avgrensing

Foreslått verneområde er lokalisert på austsida av munninga av dalen Dirdal i Gjesdal kommune. Verneforslaget ligg i den vestvendte skogkledde lisida, ned frå toppane Ramnstoknuten og Varberknuden i nord til Gaupelemmen i sør. Foreslått vernegrense følgjer eigedomsgrenser i nord og sør. Den vestlege grensa er frå sør trekt ovanfor eit innmarksbeite, så følgjer den eigedomsgrensa og vidare i elvekanten eit lite tykke, før den vidare nordover er grensa trekt litt opp i skogskråninga. Opp mot fjellet i aust følger foreslått vernegrense delvis naturgitt grense mellom skog og fjell/bergvegg og delvis eigedomsgrenser. Det første tilbodsarealet som blei kartlagt, var mindre enn verneforslaget som det blei starta opp verneprosess i, i september 2025. Før oppstart kom det tilbod på to nye eigedommar og større areal på nokre av dei allereie tilbodne eigedommane blei også lagt til.

Verneføremål og verneinteresser

Føremålet med vernet er å ta vare på eit område som inneheld stor variasjon av trua, sjeldan og sårbar natur, i form av rik edellauvskog og rik boreonemoral regnskog. Rik boreonemoral regnskog med edellauvtre er ein sjeldan naturtype. Edellauvskogen består i hovudsak av eik, men ask, alm, lind og hassel finst òg. Det er god førekomst store gamle edellauvtre, kor ein del er styva. Skogen har særleg betydning for biologisk mangfald i og med mange førekomstar av habitatspesifikke artar og andre indikatorartar på både fattig og rik boreonemoral regnskog, samt mange trua og nær trua artar. Mange av artane er knytt til bekkekløftmiljøet i sør.

Tilbodsområdet blei kartlagt i juni 2023 og fekk ein skogvernindeks på 5,17 som er ein svært god verdi i Rogaland (sjå vedlegg Skoganalyse – Ramstoliane, del 1). Skåren for både naturgitt mangfald (2,00), naturskognærleik (1,17) og storleik (2,00) vurderast som gode i vår region. Skogvern-indeksen endrar seg ved ulik avgrensing av areal, og vil i dette tilfellet kanskje ikkje bli heilt korrekt for det som no er foreslått verneareal. Dette skuldast nye tilbodsareal på to nye eigedommar, ein i nord og ein i aust opp mot Kvasseknutane, litt areal nedst i lia, samt at bekkekløfta nord for Gaupelemmen inngår. Tilleggsareala bidrar i positiv retning både med større areal samla sett, auka areal med verdifulle naturtypar, meir edellauvskog, ei bekkekløft som vurderast svært verdifull på grunnlag av fleire trua og nær trua artar som var registrert der frå tidlegare. Dei største verneverdiane er i dei nedre delen av lia der edellauvskogen er. Øvre delar er likevel inkludert og det vil gi verneområdet ein heilskapleg variasjon og god arrondering opp mot fjellet.

Verneverdiane av naturgitt mangfald i dette området er svært gode førekomstar av den trua naturtypen høgstaude edellauvskog (VU) og den nær trua naturtypen frisk rik edellauvskog (NT). Dei ligg som eit belte i midtre og nedre del langs det meste av lisida. Bekkekløfta er ikkje kartlagt, men truleg vil delar av denne inngå i ein eller fleire av naturtypane. Edellauvskogen har varierende kalknivå, med godt innslag av rikare bakkevegetasjon på svak lågurt - lågurt og høgstaude-nivå. Verneforslaget ligg i boreonemoral vegetasjonssone og strekt oseanisk seksjon. Dette kjem tydeleg fram i gjennom vegetasjonen som veks her med varmekjære treslag og ein rik epifyttflora av lavartar og sopp som syner eit fuktig mikroklima og tydeleg regnskogmiljø (tabell 5). Under kartlegginga blei fleire areal skildra som rik boreonemoral regnskog på grunnlag av

meir krevjande regnskogsartar. Regnskogen er særleg godt utvikla, i og rett nord for bekkekløfta kor fleire regnskogsartar veks. I lommer med rik boreonemoral regnskog det bl.a. blei funne ein heilt ny art *Lecania lepidota*³ og ⁶ (Timdal m.fl. 2024). Særs interessant er Irsk hinnelav som er kritisk trua (CR) og funne heile 6 stader spreidd i verneforslaget. I ekspertoppsummeringa i raudlistevurderinga er Irsk hinnelav skildra som «arten har trolig en hyperoseanisk utbredelse» (Haugan m.fl. 2021, Artsdatabanken). 10 habitatspesifikke artar for boreonemoral regnskog utan bartredominans er funne i verneforslaget (jf. naturtypen i Miljødirektoratet 2022b), samt fleire andre regnskog-indikatorar og fuktnevjande oseaniske artar (Steinsvåg m.fl. 2018 og Artsdatabanken). Totalt er det 133 registreringar av 24 trua og nær trua artar (Lasta frå Artsdatabanken 06.04.2026).

Tabell 6. Regnskogsartar og trua og nær trua artar registrert i verneforslaget Ramstoliane naturreservat.

Registrerte regnskogartar	Latinsk namn	Artsgruppe	Raudliste-kategori	Habitatspesifikk art *	Regnskog-art i fattig skog **	Regnskog-art i rikare skog **
Irsk hinnelav	<i>Leptogium hibernicum</i>	Lav	CR	✓		✓
Kornfiltlav	<i>Parmeliella testacea</i>	Lav	EN			✓
Kranshinnelav	<i>Leptogium burgessii</i>	Lav	VU	✓		✓
Kystvortelav	<i>Lepra multipuncta</i>	Lav	VU	✓	✓	
Praktflekklav	<i>Coniocarpon fallax</i>	Lav	VU	✓	✓	✓
Prakthinnelav	<i>Leptogium cochleatum</i>	Lav	VU	✓		✓
Stjerneflekklav	<i>Arthonia stellaris</i>	Lav	VU	✓	✓	
Tannflekklav ***	<i>Coniocarpon cuspidans</i>	Lav	VU			
Skorpefiltlav ***	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Lav	NT			
Gul pærelav	<i>Pyrenula occidentalis</i>	Lav	NT	✓	✓	✓
Gullhårrose	<i>Breutelia chrysocoma</i>	Mose	LC	✓	✓	
Purpurrose	<i>Pleurozia purpurea</i>	Mose	LC	✓	✓	
Hinnebregne	<i>Hymenophyllum peltatum</i>	Karplante	LC	✓	✓	✓
Andre registrerte raudlisteartar						
Bleik kraterlav	<i>Gyalecta flotowii</i>	Lav	VU			
Kjøttkraterlav	<i>Gyalecta carneola</i>	Lav	VU			
Rød stuvlav	<i>Thelopsis rubella</i>	Lav	VU		Noko fuktnevjande	
Olivenfiltlav	<i>Fuscopannaria mediterranea</i>	Lav	NT			
Skoddelav	<i>Menegazzia terebrata</i>	Lav	NT		Noko fuktnevjande	
Hasselrurlav	<i>Thelotrema sueticum</i>	Lav	NT		Oseanisk, noko fuktnevjande	
Ny art ³	<i>Lecania lepidota</i>	Lav	Enno ikkje vurdert			
Skorpeglye	<i>Rostania occultata</i>	Sopp	VU			
Almebarkskorpe	<i>Dendrothele alliacea</i>	Sopp	NT			
Almevedfleck	<i>Lopadostoma pouzarii</i>	Sopp	NT			
Askekullsopp	<i>Hypoxylon petrinae</i>	Sopp	NT			
Kystflope	<i>Heterocladium wulfsbergii</i>	Mose	NT		Oseanisk, bekkekløftsart	
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Karplante	EN			
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	Karplante	EN			
Lind	<i>Tilia cordata</i>	Karplante	NT			

* Habitatspesifikk art jf. naturtypen Boreonemoral regnskog utan bartredominans (Miljødirektoratet 2022b).

** Regnskogsart jf. (Miljødirektoratet 2022b og/eller Steinsvåg m.fl. 2018)

*** Regnskogsart, jf. Artsdatabanken: <https://lister.artsdatabanken.no/rodlisterforarter/2021/34845>, <https://lister.artsdatabanken.no/rodlisterforarter/2021/21161>

³ Timdal m.fl. 2024. <https://www.mn.uio.no/ibv/english/people/aca/markusof/> og Artsdatabanken *Lecania lepidota* <https://artsdatabanken.no/taxon/Lecania%20lepidota/227450>

Når det gjeld naturskognærleik har verneforslaget ein god skår for dette også. Enkelte av dei kartlagde naturområda ein betydeleg førekomst av store gamle tre, særleg edellauvtre dei lågareliggande areala. Nokre av desse er styva i gamal tid. Stadvis finst god mengd av død ved, mest av edellauvtre. Noko av skogen er karakterisert som gammal skog i hogstklasse 5, men det meste er vurdert til hogstklasse 4.

Statsforvaltaren vurderer at verneforslaget har stor verdi og fyller godt manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det i hovudsak er lågareliggande skog, i boreonemoral (varmekjær) vegetasjonssone og sterkt oseanisk seksjon på delvis høg og særhøg skogbonitet i sørleg del av området. Området har store areal av to sjeldne og sårbare skognaturtypar, som høgstaude edellauvskog og frisk rik edellauvskog, i tillegg både fattig og rik boreonemoral regnskog utan bartredominans som er prioritert for vern i Rogaland. Vidare husar verneforslaget svært mange trua og nær trua artar og mange habitatspesifikke artar for regnskog. Samla utgjør dette ei betydeleg auke i vern av sårbar natur. Det vil bli eit stort verneområde med godt kjerneareal og god arrondering kor ein får med heile høgdegradienten frå dalbotnen ved Dirdalsåna, til nærma ved havnivå, til toppen av fjellskogen i aust. Dette verneforslaget vil saman med Kleivane danne eit godt økologisk nettverk med kvarandre og med Frafjordheiane landskapsvernområde på andre sida av Høgsfjorden og Frafjorden. I tillegg er Ramstoliane ein ny lokalitet i sørleg del av kjerneområdet for rik boreal regnskog i Rogaland, jf. figur 41 i Steinsvåg m.fl. 2018, der det berre er markert 3 andre lokalitetar. Ramstoliane har òg stor verneverdi med førekomst av den svært sjeldne arten irsk hinnelav (CR) som har dei næraste andre sikre førekomstane i Ørestø naturreservat og Migaren naturreservat i Frafjord.

Kjelder: Skoganalyse, Temakart Rogaland – Natur, Naturbase, Artskart.

Kommentar knytt til skoganalyserapporten

Det første tilbudsområdet blei kartlagt i juni 2023 og fekk først ein skogvernindeks på 5,17 som er ein svært god verdi for Rogaland (sjå vedlegg Skoganalyse – Ramstoliane, del 2). Den indeksen var basert på at 44 dekar var kartlagd som boreonemoral regnskog. Dette gir utslag på verdien for storleik ved at det gir høg skår, 2,00, for parameteren *Edellauvskog, kalkskog og regnskog*. Dette er korrekt, det er skildra og finst mykje av naturtypen *boreonemoral regnskog utan bartredominans* i området. Det som ikkje var korrekt, var at arealet kom ut på kartfiguren som ein raudlista naturtype, då det berre er boreonemoral regnskog med bartredominans som er raudlista⁴. Naturtypen boreonemoral regnskog utan bartredominans stod likevel ikkje oppført under raudlista naturtypar i tabellen, noko som var korrekt.

Kartleggar blei bedt om å endre kartleggingseininga så den ikkje skulle kome ut som raudlista naturtype. Dermed fall skogvernindeksen til 4,17⁵ som også er ein god verdi. Skåren for naturgitt mangfald (2,00) og naturskognærleik (1,17) var lik i begge tilfella. Det var ikkje riktig å endra naturtypen til noko anna enn regnskog, men den regnskogtypen var ikkje ein raudlista type. Tilsvarande gjeld både i Dirdal vest og aust. Statsforvaltaren er usikker på kvifor det vart feil, om det var på grunn av ein teknisk feil berekningsfeil i metoden eller menneskeleg feil. Begge skoganalyserapportane er vedlagt.

Kulturhistoriske verdiar

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAX-bygningar innanfor verneforslaget og det er heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal eller regional interesse.

⁴ Norsk rødliste for naturtyper 2018: <https://artsdatabanken.no/naturtyper/rodlista-naturtyper/2018>

⁵ Skoganalyse Ramstoliane (Dirdal øst): <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/370ECC44-AD17-40E0-A035-A7C24EC41872>

Kjelde: Temakart Rogaland – Kulturminne.

Inngrepsstatus og andre interesser

Det er ingen kraftleidningar i eller i nærleiken av foreslått verneområde og det er ingen registrerte interesser i geologiske kartdatabasar.

Det er registrert eit digitalt vasskraftpotensial som kryssar verneforslaget i bekkekløfta nord for Gaupelemmen, med forventna produksjon på 0,89 GWh/år og utbyggingspris på 7,2 kr/kWh kostnadsnivået er for 2024. Vasskraftpotensialet var kjend for grunneigaren og bekkekløfta var i utgangspunktet ikkje med i tilbodet. Etter samtale under synfaringa og i etterkant, vart heile bekkekløfta inkludert i oppstarten av verneprosess. Arealet er framleis med.

Øvre del av verneforslaget ligg i eit stort kartlagt friluftslivsområde, *Stora-Heia og Ramnstoknuten*, av typen *Stort turområde utan tilrettelegging* med områdeverdi *svært viktig*. Friluftsområdet dekker fjellpartiet mellom Dirdal og Frafjord, om lag frå høgdekote 300 moh. Stien frå Dirdalsstranda og opp på fjellet går likevel oppover lia gjennom naturreservatet og er godt merka og godt brukt. Stadvis er steinar lagt til rette og dannar ei ujamn trapp og det er stadvis trekt tau til å halda seg i. Ramstoknuten eller Varberknuten er turmål med spektakulær utsikt over fjordar, hav og fjell. Elles går det også fleire stiar innover lia i naturreservatet som kjem opp på fjellet ved Gaupelemmen og inn til Kjervollstølen. Det er fine turområde innover fjellet.

Kjelder: Temakart Rogaland - Geologi, NGU, NVE.

Planstatus

Heile verneforslaget er i kommuneplanen for Gjesdal kommune 2023-2035 avsett som LNFR-område til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift og skildra sånn: *«I LNFR-områdene tillates kun tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag med tilhørende bolighus, garasjer og boder, og andre mindre tiltak (stier, broer og lignende, men ikke bygg) som har til hensikt å legge til rette for friluftsliv for allmennheten».*

Føresegn i kommuneplanen som råker verneforslaget:

I § 6.1.3 LNFR – spreidd næringsbusetnad er det fråsegner som omfattar del av Ramnstoknuten (#LSN_2). Det står at innanfor eit avgrensa område kan det leggjast til rette for tre frittliggjande busetnader for overnatting til kommersiell bruk. Tiltaka skal ikkje privatisera areal langs stien som er viktig for friluftslivet og allmenn ferdsel. Vidare kan det leggjast til rette for gapahuk og hengekøypark, portaledge-overnatting, utkikkspunkt og start for zip-line, sherpatrapper og tilrettelegging av sti for å gjere ferdselen tryggare og meir skånsam (kanalisering).

Kjelder: Temakart Rogaland – Plan, Kommuneplanens arealdel 2023-2035

(<https://arealplaner.no/gjesdal1122/arealplaner/292>), Bestemmelser i kommuneplan, side16-17

(<https://api.arealplaner.no/api/kunder/gjesdal1122/dokumenter/1770/download/Bestemmelser%20kommuneplan%20.PDF>)

Samfunnstryggleik

Mykje areal i verneforslaget er merka som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred.

Kjelder: Temakart Rogaland –Samfunnstryggleik.

Avveging skogvern vs. skogbruk

Verneforslaget er vanskeleg tilgjengeleg for hogst då det er bratt, med mykje ur og fare for ras. Truleg har det ikkje ha vore nytta for skogproduksjon tidlegare. Nedre del har ein flott, rik

edellauvskog i hovudsak med eik, men òg ask, alm, lind og hassel. Det er mange store gamle tre, og svært mange trua og nær trua arter og regnskogindikatorar.

Resultatet i tabell 7 er V1S7 og viser at verneforslaget Ramstoliane har stor betydning for vern og mindre betydning for skog- og trenæringa.

Tabell 7. Resultat av vurderinga av verneverdi opp mot skogbruk for verneforslaga Ramstoliane.

Område	Betydning for vern og tømmertilgang	Tilbode areal	Areal foreslått for vern
Ramstoliane naturreservat	V1S7	633 daa	633 daa

Vedlegg: Ramstoliane - Avveiging skogvern vs. skogbruk.

8.2.1. Kommenterar til verneforskrifta for Ramstoliane naturreservat

Framlegg til verneforskrift er lagt ved høyringa. Under er einskilde paragrafar kommentert.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- e. *Brenning av bål er forbode.*

Kommentar: Forbod mot bålbrenning er standard i skogvernområder. Dei øvre delane av verneforslaget inngår i eit kartlagt friluftslivsområde, Stora-Heia og Ramnstoknuten friluftslivsområde av typen *Stort turområde utan tilrettelegging*, med områdeverdi *svært viktig*. Brukarfrekvensen er vurdert til *ganske stor* og regionale og nasjonale brukare til *ganske ofte*. Stien frå Dirdalsstranda og opp på fjellet går likevel oppover lia gjennom naturreservatet og er godt merka og tydeleg godt brukt. Statsforvaltaren vurderer difor at frekvensen av turgåarar i dette verneforslaget kan bli svært stor, sjølv om stiane i mange tilfelle vil vere «gjennomgangsvegar». Statsforvaltaren vurderer difor at i dette verneforslaget kan frekvensen av turgåarar bli så høg at bålbrenning på lang sikt kan bli eit problem, ved at mykje småkvist blir brukt som brensel. Området er verna fordi det inneheld eit svært verdifullt skogområde med verdifulle tre og livsmiljø og svært sjeldne og sårbare artar. Bålbrenning utgjer ein risiko i skog, og me ønsker ikkje å ta den risikoen for villbrann i Ramstoliane naturreservat.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- g. *oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt*
- h. *forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Ramstoliane naturreservat toler eventuell frekvens av mobile jakttårn og forsiktig rydding av småbuskar og kvist.

§ 5 Regulering av ferdsel

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- b. *Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar avmerkt på vernekartet.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Ramstoliane naturreservat toler eventuell frekvens av sykling, riding og bruk av hest på eksisterande stiar som er avmerkt på vernekartet.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

d. oppsetting og vedlikehald av gjerder

Kommentar: Det er beiteareal tett på verneforslaget i sør, og noko beiteprega skog i tilknytning til dette. Statsforvaltaren vurderer derfor at det kan vere aktuelt med beiting, noko det og er gitt eit generelt unntak for i § 4 bokstav e. Det kan difor vere naudsynt å sette opp gjerde og vedlikehalde desse. Tiltaket er søknadspliktig.

e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav

Kommentar: Statsforvaltaren er kjent med at det tidlegare har blitt arrangert større arrangement i dette området, og vurderer at naturreservatet toler visse arrangement dersom det blir tatt naudsynte omsyn så ein ikkje skadar verneverdiane. Slike tiltaket vil vere søknadspliktige.

f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut gran og andre utanlandske treslag som er spreidd eller spreier seg i naturreservatet.

Riksantikvaren, Kulturminner via Temakart Rogaland.

Rogaland Fylkeskommune 2020. Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke:

<https://www.rogfk.no/vare-tjenester/planlegging/gjeldende-planer-og-strategier/bolig-areal-og-transport/regionalplan-for-jaren-og-sore-ryfylke/>

St.meld. nr. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/?ch=1>

St.meld. nr. 25 (2002-2003) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/40da6fc97eba49af90479ae32ee27ccc/no/pdfs/stm200220030025000dddpdfs.pdf>

Steinsvåg, K.M.F., Blindheim, T. Gaarder, G., Høytomt, T., Ihlen, P.G. & Langhelle, M.L. 2018.

Naturfaglige registreringer av kystfuruskog Sammenstilling av kartleggingsresultater 2012-2017. Miljøfaglig Utfredning rapport 2018-10, 111 s.

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m926/m926.pdf>

Svensson, A., Eriksen, R., Høytomt, G. og Granhus, A. 2023. Arealrepresentativ overvåking av skogvernområder gjennom Landsskogtakseringen. Landsskogtakseringen 2017-2021. NIBIO RAPPORT | VOL. 9 | NR. 13 | 2023. <https://www.nibio.no/tema/skog/skog-og-miljoinformasjon-fra-landsskogtakseringen/landsskog-takseringen>

<https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2023/april-2023/arealrepresentativ-overvaking-av-skogvernomrader-gjennom-landsskogtakseringen-landsskogtakseringen-2017-2021/>

Tehler, A. i Naturhistoriska Riksmuseet. <https://www.nrm.se/fakta-om-naturen/vaxter/lavar/gammelgranlav>

Temakart Rogaland: <https://www.temakart-rogaland.no/>

Timdal, E., Evankow, A., Opedal, V.R. & Fjelde, M.O. (2024). *Lecania lepidota*, a new lichen species from pollarded *Fraxinus excelsior* in oceanic, old-growth deciduous forests in Norway. *Graphis Scripta*. ISSN 0901-7593. 36(1), p. 1–14.

10. Vedlegg

- Høyringsbrev
- Høyringskart, Kleivane, juni 2026
- Høyringskart, Ramstoliane, juni 2026
- Forskrift Kleivane
- Forskrift Ramstoliane
- Skoganalyse - Kleivane
- Skoganalyse - Ramstoliane
- Avveining skogvern vs. skogbruk - Kleivane
- Avveining skogvern vs. skogbruk - Ramstoliane
- Innspel Oppstart Kleivane
- Innspel Oppstart Ramstoliane
- Adresseliste HØYRING juni 2026 Dirdal

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Statens Hus, Lagårdsveien 44, Pb. 59, 4001 Stavanger | sfropost@statsforvalteren.no |

